

# Studieplan for Norsk, påbyggingsstudium (30 studiepoeng) (2019–2020)

## Fakta om programmet

**Studiepoeng:** 30

**Studiets varighet:** 1 år

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Studested:** Studiet er nettbasert. I tillegg blir det arrangert frivillige samlinger på studiestad Halden. Sjå Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer.

## Kontakt

Anne-Marit Brække

**Telefon:** +47 69 60 81 48

**E-post:** studier@hiof.no

Fakultet for lærerutdanninger og språk,

Førsteamanuensis Åshild Søfteland

## Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Jobb og videre studier
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

## Informasjon om studiet

Påbyggingsstudiet i norsk gir studentar som allereie har 60 studiepoeng (årsstudium) i norsk eller tilsvarende utdanning moglegheit til å vidareutvikle kompetansen sin i norsk/nordisk språk og litteratur. Det er eit fleksibelt, nettbasert studium der aktuelt fagstoff blir samla på læringsplattform og forelesningar skjer via digitalt samarbeidsverktøy. Rettleiing blir gitt enten på nett eller på studiestad Halden. Tre gongar i semesteret er det frivillige samlingar på studiestad Halden.

Studiet blir regulert av gjeldande forskrift om eksamen, studierett og grader ved Høgskolen i Østfold.

## Hva lærer du?

Studiets læringsutbytte

Kunnskap  
Kandidaten

- har brei kunnskap om språkdidaktiske, teoretiske og tilhøyrande metodiske problemstillingar relevant for norskfaget
- har god kunnskap om eit spesifikt tema innanfor norsk/nordisk litteratur, f.eks. ein bestemt sjanger, ein litteraturhistorisk periode eller eit forfattarskap
- har god kunnskap om eit spesifikt tema innanfor norsk/nordisk språk, f.eks. i moderne norsk grammatikk, kontrastivt mellom nordiske språk eller språkhistoriske analysar

Ferdigheter  
Kandidaten

- kan anvende litteraturteori i lesing av litterære tekstar
- kan anvende kunnskap om språkstruktur i praktiske analysar med ulike innfallsvinklar
- kan gå i dialog om eiga skriving og nyttiggjere seg rettleiing i samband med oppgåveskriving og munnlege presentasjoner
- kan reflektere over korleis språklege og litterære fordjupingstema kan vere relevante for norskundervisning på ulike klassetrinn

Generell kompetanse  
Kandidaten

- kan formidle sentralt fagstoff både skriftleg og munnleg
- kan planlegge og gjennomføre formidling av eit bestemt norsk/nordisk litterært tema med bruk av litteraturteori
- kan planlegge og gjennomføre formidling av eit bestemt norsk/nordisk språkleg tema, inkludert teoretisk og/eller metodisk refleksjon

## Opptak

Bestått årsstudium i norsk, eller tilsvarende utdanning på minimum 60 studiepoeng.

## Oppbygging og gjennomføring

### Studiets oppbygging og innhold

Norsk påbygging er bygd opp av to emne som kvart er på 15 studiepoeng, eitt språkemne og eitt litterært emne. Emna kan variere frå år til år. Studieåret 2019/2020 tilbyr vi desse emna:

- NORP201 Norsk/nordisk språkstruktur før og nå (hautsemesteret)
- NORP202 Norsk/nordisk dramatisk litteratur (vårsemesteret)

Sjå studiemodell.

Målet med studiet er å gi studentane solid fagleg basis som er relevant for undervisning i norsk i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, og relevant for vidare masterstudium i norsk. Medan Norsk årsstudium (60 studiepoeng) - og tilsvaranande Norsk 1 (30 studiepoeng) og Norsk 2 (30 studiepoeng) ved Høgskolen i Østfold er breiddestudium, er Norsk påbygging (30 studiepoeng) eit djupstudium i utvalde enkelttema.

Studiet er bygd opp rundt desse hovudpunktata:

- Studium av litteraturvitenskapleg teori og metode
- Temastudium i norsk/nordisk litteratur

- Studium av språkteori og metode
- Temastudium i norsk/nordisk språk
- Norskdidaktiske problemstillingar

Det faglige innhaldet i emna NORP201 og NORP202 vil kunne variere frå år til år, men ein vil heile tida prøve å sjå norsk i eit internasjonalt perspektiv, og trekke inn relevante norskdidaktiske problemstillingar. Val av tema vil bli presentert for studentane i god tid før studieåret begynner. Studiet krev òg at studentane syner ei fagleg-vitskapeleg haldning til stoffet. Begge emna inneholder obligatorisk skriftleg og munnleg arbeid. Sjå emnebeskrivingar.

## **Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer**

### Undervisning og arbeidsformer

Studiet er nettbasert. I tillegg blir det arrangert samlingar på studiestad Halden. Høgskolen stiller krav om at studentane disponerer eigen berbar PC i dette studiet. Det blir gitt opplæring i dei verktøy som skal brukast. Tekniske spesifiseringar og krav blir klargjort og informert om før semesterstart.

Forelesarane held nettmøte i synkron tid om lag 2 timer kvar veke, innanfor normal arbeidstid. Resten av den nettbaserte aktivitetene skjer på valfritt tidspunkt, asynkront.

Tre gongar i semesteret blir det heldt 2-dagarssamlingar, der fagstoffet blir bearbeidd og utdjupa, gjennom forelesingar, oppgåveløysing og diskusjon. Det er ikkje nettmøte dei vekene det er samling på studiestaden. Totalt blir det forventa eit arbeidsomfang på ca. 400 timer per 15 studiepoeng.

Digitale arbeidsformer er, i tillegg til nettmøta, blant anna deling av skjermopptak og opptak av forelesingar, diskusjonsforum, og andre skriftlege og munnlege arbeidsformer som kan gjennomførast over nett. Studentane skal samtale om faglitteratur og samarbeide om tolkings- og analyseoppgåver, også utanom planlagt undervisning. I tillegg er sjølvstudium ei sentral arbeidsform.

Undervisninga vil primært foregå på norsk eller andre skandinaviske språk.

### Tilbakemelding underveis

Det blir gitt tilbakemelding på obligatoriske arbeidskrav og frivillige gruppeoppgåver. Tilbakemelding og rettleiing kan skje fulldigitalt (skriftleg og munnleg) eller ved personleg oppmøte, og/eller på samlingar på campus. Sjå emnebeskrivingar for detaljar.

### Vurdering

Vurderingsordningane skal bidra til at studentane oppnår læringsutbytta og måle graden av oppnådd læringsutbytta.

Emna i studiet har skriftlege eller munnlege arbeidskrav som må vere godkjende av faglærar før studenten kan gå opp til eksamen. Arbeidskrav blir vurdert på skalaen godkjend/ikkje godkjend.

Studentane blir prøvd i både munnlege og skriftlege eksamsformer. Sjå emnebeskrivingar for detaljar. Eksamen blir vurdert på skalaen A-F. Alle emna blir sensurert av intern og eksterensor.

Målform på skriftlege eksamenar og arbeidskrav er bokmål eller nynorsk. Dette er spesifisert i emnebeskrivingane. Oppgåvesvara skal ha eit kritisk, analytisk og reflekterande innhald, vere i tråd med angitte sjangerkrav, og innehalde tydelege referansar til dei kjeldene som er brukt.

Alle skriftlege arbeidskrav og eksamenstypar kan bli plagiatkontrollert. Oppgåvesvar som er heilt eller delvis identiske vil ikkje bli godkjend og vil bli sett på som forsøk på fusk. Sjå elles forskrift om eksamen, studierett og grader ved Høgskolen i Østfold.

## **Praksis**

Det er ikkje knytt rettleidd praksis til studiet.

## Evaluering av studiet

For å kunne tilby ei aktuell og relevant utdanning av god kvalitet er vi avhengige av tilbakemelding frå studentane og at kvar enkelt student deltar i evaluering av studia. Dette studieprogrammet blir jamleg evaluert for å sikre og utvikle kvaliteten i programmet.

Det enkelte fagmiljø har ansvar for å etablere faste og allment kjente evalueringssrutinar på emnenivå (kalla EVA3). Sjå emnebeskriving for detaljar.

## Litteratur

Sjå emnebeskrivingar. Oppdatert før kvart semester.

## Jobb og videre studier

Studiet kan gå inn som ein del av ein bachelorgrad eller som vidareutdanning i norsk.

Studentar som har ein bachelorgrad som inkluderer 90 studiepoeng i norsk (norsk årsstudium og norsk påbygging eller tilsvarande), vil normalt vere kvalifisert for opptak til masterstudium i norsk/nordisk, for eksempel *Masterstudium i norsk i skolen* ved Høgskolen i Østfold.

Sjå dei einskilde masterutdanningene for meir informasjon om opptakskrav.

## Studieplanen er godkjent og revidert

### Studieplanen er godkjent

Dekan Unni Hagen, 09.02.2017

### Studieplanen er revidert

Studieleder Lin Sandhaug Ramberg, 5. februar 2019

### Studieplanen gjelder for

2019-2020

## Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. Fortell oss hva du synes om den

## Høst 2019

### Obligatoriske emner

Vår 2020

## Obligatoriske emner

LNORP2019

Norsk/nordisk dramatisk litteratur

15 stp

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 25. okt. 2021 03:06:02

# LNORP20117 Norsk/nordisk språkstruktur før og nå (Høst 2019)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Fakultet for lærerutdanninger og språk

**Stedested:** Nettbasert undervisning. I tillegg blir det halde frivillige samlingar ved studiestad Halden.

**Emneansvarlig:** Åshild Søfteland

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamensordning
- Sensorordning
- Vilkår for ny/utsatt eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i Norsk påbyggingsstudium (30 studiepoeng).

## Undervisningssemester

1. semester (haust).

## Studentens læringsutbytte etter bestått emne

### Kunnskap

Kandidaten

- har brei kunnskap om språkdidaktiske, språkteoretiske og tilhøyrande metodiske problemstillingar relevant for norskfaget
- har god kunnskap om norsk språkstruktur, kontrastivt til andre nordiske språk og til eldre språkstadium av norsk

## Ferdigheter

Kandidaten

- kan analysere og samanlikne språkstruktur i moderne norsk, skandinavisk og norrønt
- kan reflektere over korleis dei språklege fordjupingstema i emnet er relevante for norskundervisning på ulike klassetrinn
- kan gå i dialog om eiga skriving og nyttiggjere seg rettleiing i samband med oppgåveskriving og munnlege presentasjoner

## Generell kompetanse

Kandidaten

- kan formidle sentralt fagstoff i ei lengre skriftleg oppgåve
- kan planlegge og gjennomføre eit foredrag om eit bestemt språkleg tema innanfor moderne norsk, skandinavisk eller norrønt, inkludert teoretisk og/eller metodisk refleksjon
- kan utveksle faglege og vitskapsteoretiske synspunkt med medstudentar og lærarar

## Innhold

Emnet er bygd opp rundt desse hovudpunkta:

- Studium av språkteori og metode
- Språkdidaktiske tema frå norskfaget
- Temastudium i språk: Moderne norsk språkstruktur samanlikna med andre nordiske språk og eldre stadium av norsk

## Undervisnings- og læringsformer

Emnet er nettbasert og fleksibelt, med frivillige samlingar.

Studentane kan følge forelesningar i sanntid, samtale om faglitteratur og samarbeide om tolke- og analyseoppgåver via digitale verktøy.

Deltaking i undervisninga er ikkje obligatorisk, men det er ein stor fordel å følge denne regelmessig.

Tre gongar i semesteret blir det heldt samlingar på studiestad Halden, der fagstoffet blir bearbeidd og utdjupa. Resten av undervisninga vil vere nettbasert - blant anna med nettmøte, deling av skjermopptak og opptak av forelesingar, diskusjonsforum, og andre skriftelege og munnlege arbeidsformer som kan gjennomførast digitalt.

Studentane skal samtale om faglitteratur og samarbeide om tolke- og analyseoppgåver via digitale verktøy. Det blir også anbefalt at studentane brukar digitale verktøy for å diskutere faglege spørsmål utanom planlagt undervisning. Det blir gitt opplæring i dei verktøya som skal brukast. Tekniske spesifiseringar og krav blir klargjort og informert om før semesterstart.

## Arbeidsomfang

I emnet må det reknast med minst 400 timer arbeidsinnsats, inkl. timeplanlagt undervisning, sjølvstudium, arbeidskrav, eksamensførebuing og eksamensgjenomføring.

# **Praksis**

Det er ikkje rettleidd praksis til emnet.

## **Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen**

I løpet av semesteret blir det gitt oppgåver av fagleg og didaktisk karakter knytt til tema i emnet. Emnet har eitt obligatorisk arbeidskrav. Tema blir bestemt i samråd med faglærarar.

- Fagtekst om eit språkleg tema knytt til emnet. Målform: Nynorsk. Omfang: 2000 ord (+/- 10%)

Tilbakemelding på arbeidskrav kan dels vere frå faglærarar, dels frå andre studentar, dels kan dei bli vurdert av studenten sjølv (f.eks. refleksjonslogg). Meir detaljert beskriving av innhaldet i arbeidskravet vil bli gitt ved undervisningsstart.

Arbeidskravet må vere godkjent før studenten kan framstille seg til eksamen.

## **Eksamens**

Individuell, munnleg eksamen

Munnleg presentasjon (20 minutt) over valfritt tema. Presentasjonen skal ha form som fagleg foredrag. Det vil bli ein fagleg samtale (ca. 10 minutt) med sensorane etterpå med utgangspunkt i presentasjonen.

Tema for presentasjonen blir bestemt i samråd med faglærar. Det blir gitt inntil to individuelle rettleiingsmøte i samband med planlegging av foredraget. Rettleiinga kan gjennomførast digitalt.

Karakterregel A-F.

Som hovudregel blir munnleg eksamen gjennomført på nettet via læringsplattform. Det er også mogleg å avlegge eksamen på studiestaden.

## **Sensorordning**

Intern og ekstern sensor.

## **Vilkår for ny/utsatt eksamen**

Ved ikkje bestått eksamen kan kandidaten nytte same tema i ny eksamen, og be om ny rettleiing frå faglærar.

Ved ønske om forbeting av resultatet må ny problemstilling/tema presenterast, og kandidaten har ikkje krav på ny rettleiing. Ny eksamen blir først arrangert ved neste ordinære eksamensawikling.

## **Evaluering av emnet**

Studentane får anledning til å delta i evaluering av emnet (EVA3). Resultata blir handsama av studieleiar og av faglærarane som er knytt til emnet.

## **Litteratur**

Litteraturlista er sist oppdatert 15. mai 2019.

Anderssen, M. (2012). Min bil eller bilen min. Eiendomskonstruksjoner i norsk barnespråk og amerikanorsk. I Språkutvikling, dialekt og grammatikk, s. 17-24. Tromsø: Tromsø museum - Universitetsmuseet. (8 sider)

Bentzen, K. (2012). Vet du kor du bør helst sette inn verbet hen? : om verblassering i nordnorsk. I Språkutvikling, dialekt og grammatikk, s. 25-31. Tromsø: Tromsø museum - Universitetsmuseet. (7 sider)

Ellis, R. (2002). The place of grammar instruction in the second/foreign language curriculum. I E. Hinkel & S. Fotos (red.). New perspectives on grammar teaching in second language classrooms. London: Lawrence Erlbaum Associates. (18 sider)

Faarlund, J.T., Lie, S. & Vannebok, K.I. (1997). Subjektet. Norsk referansegrammatikk. Oslo: Universitetsforlaget.

Haugen, O. E. (2004). Norrøne tekster i utval. Oslo: Gyldendal. (s. 64-77, 144-159) (28 sider)

Hårstad, S. (2016). Læring om normering. Erfaringer fra et språkhistorie-didaktisk eksperiment i lærerutdanninga. Acta Didactica 10(3). (16 sider).  
[www.journals.uio.no/index.php/adno/article/view/3870](http://www.journals.uio.no/index.php/adno/article/view/3870)

Kjøll, G. (2014). Når er ironi mislykket? Norsk lingvistisk tidsskrift 32(2), 412-444. (33 sider)  
<http://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/156>

Lødrup, H. (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? Maal og Minne 2, 120-136. (17 sider) <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/522>

Monka, M. (2014). Sproget afhænger af stedet - om sprogforandring i virkelig tid i Jylland. Maal og Minne 2/2014, 02-130. (39 sider).  
<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/220>

Nergård, M. E. & Tonne, I. (2008). Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold av språk og tekster i undervisningen. Oslo: Universitetsforlaget. (kap. 1, 2, 3, 5, 7, 8, 10) (ca. 120 sider)

Neteland, R. (2013). Industristedtalemål og dialektendring. Norsk lingvistisk tidsskrift 31(1), 76-97. (22 sider)  
<http://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/167>

Opsahl, T. & Nistov, I. (2010). On some structural aspects of Norwegian spoken among adolescents in multilingual settings in Oslo. I P. Quist & B. A. Svendsen (red.). Multilingual Urban Scandinavia. New Linguistic Practices, s. 49-65. Bristol: Multilingual Matters. (15 sider)

Opsahl, T. & Svennevig, J. (2007). "Må ha det. Bare må ha det". Bare som pragmatisk partikkel i samtale. Norsk Lingvistisk Tidsskrift 25, 29-57. (30 sider)

Quist, P. (2006). Etnografi i sprogundervisningen. Et blik på sproglig variation. Sprogforum: tidsskrift for sprog- og kulturpædagogik 37, 31-38. (8 sider).

Sollid, H. (2014). Kvensk påvirkning på norsk i Nord-Troms. I Språk og språkmangfold i Nord-Noreg, s. 41-47. Tromsø: Tromsø museum - Universitetsmuseet. (7 sider)

Spurkland, T. (2009). Innføring i norrønt språk. Oslo: Universitetsforlaget. (170 sider)

Sunde, A. M. (2016). ¿Inspect kniven i inventoryen min¿. Språklig praksis i et nytt domene. Norsk lingvistisk tidsskrift 34-2, 133-160

Sundgren, E. (2009). The varying influence of social and linguistic factors on language stability and change: The case of Eskilstuna. Language Variation and Change, 21, 97-133. (37 sider)

Søfteland, Å. (2018a). Nordisk dialektkorpus - introduction aux recherches sur les parlers dans le Norden. *Nordiques* 35, 95-115. ("Nordisk dialektkorpus - ei innføring" - norskspråkleg versjon blir tildelt til undervisninga) (16 sider)

Søfteland, Å. (2018b). Digital didaktisk dialektologi. Læring om læring 2(1). (14 sider)  
[www.ntnu.no/ojs/index.php/lol/article/view/2732](http://www.ntnu.no/ojs/index.php/lol/article/view/2732)

Westergaard, M. R. (2012). Det vil æ ikke eller Det vil ikke æ. Ordstilling i nordnorsk barnespråk. I Språkutvikling, dialekt og grammatikk, s. 10-16. Tromsø: Tromsø museum - Universitetsmuseet. (7 sider)

Wide, C. (2014). Kommunikative skillnader mellan sverigesvenskt och finlandssvenskt språkbruk. Svenskans beskrivning 34, 39-62. (24 sider)

#### Støttelitteratur

Heggstad, L., Hødnebø, F. & Simensen, E. (2008). Norrøn ordbok. Oslo: Samlaget

Torp, A. (1995). Norrøn hjelpebok. Oslo: Novus.

#### Individuelt pensum

I tillegg vel studenten eit individuelt pensum knytt til eksamen på ca. 100 sider - avgjort i samråd med faglærar.

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 25. okt. 2021 02:50:37

# LNORP20219 Norsk/nordisk dramatisk litteratur (Vår 2020)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Fakultet for lærerutdanninger og språk

**Stedested:** Nettbasert undervisning. I tillegg blir det halde frivillige samlingar ved studiestad Halden.

**Emneansvarlig:** Camilla Häbler

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamensordning
- Sensorordning
- Vilkår for ny/utsatt eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i Norsk påbyggingsstudium (30 studiepoeng).

## Undervisningssemester

2. semester (vår).

## Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap  
Kandidaten

- har brei kunnskap om litteraturdidaktiske, litteraturteoretiske og tilhøyrande metodiske problemstillingar relevant for norskfaget
- har god kunnskap om norsk/nordisk dramatisk litteratur, både generelt og i eit bestemt forfattarskap

Ferdigheter

Kandidaten

- kan anvende litteraturteori i lesing av drama
- kan reflektere over korleis dei litterære fordjupingstema i emnet er relevante for norskundervisning på ulike klassetrinn
- kan gå i dialog om eiga skriving og nyttiggjere seg rettleiing i samband med oppgåveskriving og munnlege presentasjoner

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan formidle sentralt fagstoff i ein munnleg presentasjon
- kan skrive ein lengre fagartikkel om eit bestemt tema innanfor norsk/nordisk dramatisk litteratur
- kan utveksle litteraturfaglege synspunkt med medstudentar og lærarar

## Innhold

Emnet er bygd opp rundt desse hovudpunkta:

- Studium av litteraturvitenskapleg teori og metode, spesielt dramateori og -analyse
- Temastudium i litteratur: Norsk/nordisk drama

Våren 2020 er hovudtema for studiet Ibsens dramatikk.

## Undervisnings- og læringsformer

Emnet er nettbasert og fleksibelt, med frivillige samlingar.

Studentane kan følge forelesningar i sanntid, samtale om faglitteratur og samarbeide om tolke- og analyseoppgåver via digitale verktøy.

Deltaking i undervisninga er ikkje obligatorisk, men det er ein stor fordel å følge denne regelmessig.

Tre gongar i semesteret blir det heldt samlingar på studiestad Halden, der fagstoffet blir bearbeidd og utdjupa. Resten av undervisninga vil vere nettbasert - blant anna med nettmøte, deling av skjermopptak og opptak av forelesingar, diskusjonsforum, og andre skriftlege og munnlege arbeidsformer som kan gjennomførast digitalt.

Studentane skal samtale om faglitteratur og samarbeide om tolke- og analyseoppgåver via digitale verktøy. Det blir også anbefalt at studentane brukar digitale verktøy for å diskutere faglege spørsmål utanom planlagt undervisning. Det blir gitt opplæring i dei verktøya som skal brukast. Tekniske spesifiseringar og krav blir klargjort og informert om før semesterstart.

## Arbeidsomfang

I emnet må det reknast med minst 400 timer arbeidsinnsats, inkl. timeplanlagt undervisning, sjølvstudium, arbeidskrav, eksamensførebuing og eksamensgjennomføring.

## **Praksis**

Det er ikkje knytt rettleidd praksis til emnet.

## **Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen**

I løpet av semesteret blir det gitt oppgåver av fagleg og didaktisk karakter knytt til tema i emnet. Emnet har eitt obligatorisk arbeidskrav. Tema blir bestemt i samråd med faglærarar.

- Munnleg presentasjon av eit litterært tema knytt til emnet - retta mot medstudentar og/eller eit lærarkollegium i skolen. Presentasjonen kan gjennomførast digitalt, og skal i så fall gjerast tilgjengeleg for dei andre deltagarane på emnet.

Tilbakemelding på arbeidskrav kan dels vere frå faglærarar, dels frå andre studentar, dels kan dei bli vurdert av studenten sjølv (f.eks. refleksjonslogg). Meir detaljert beskriving av innhaldet i arbeidskravet vil bli gitt ved undervisningsstart.

Arbeidskravet må vere godkjent før studenten kan framstille seg til eksamen.

## **Eksamensform**

Individuell heimeeksamen over 5 dagar av fagartikkeltypen med eit kritisk, reflekterande og analytisk innhold knytt til ein eller fleire av tekstane i studiet. Omfang: 4000 ord (+/- 10 %). Innholdsliste og litteraturliste kjem i tillegg.

Målform: Bokmål

Karakterregel: A-F.

## **Sensorordning**

Intern og ekstern sensor.

## **Vilkår for ny/utsatt eksamen**

Ny/utsatt eksamen blir gjennomført saman med ordinær eksamen neste studieår.

## **Evaluering av emnet**

Studentane får anledning til å delta i evaluering av emnet (EVA3). Resultata blir handsama av studieleiar og av faglærarane som er knytt til emnet.

## **Litteratur**

Litteraturlista er sist oppdatert 27. november 2018. Det tas forbehold om endringar før semesterstart.

7 verk av Henrik Ibsen med hovudvekt på skodespela frå 1877 og seinare, valt blant desse:

(Utvælet blir gjort ved semesterstart.) Et Dukkehjem Gengangere En Folkefiende Rosmersholm Fruen fra Havet Hedda Gabler Bygmester Solness Lille Eyolf John Gabriel Borkmann Når vi døde våkner

Aarseth, Asbjørn (1999): Ibsens samtidsskuespill. En studie i glasskapets dramaturgi. Oslo: Universitetsforlaget. (utdrag ca. 316 sider)

Barthes, Roland. (1998): Lysten ved teksten. Oslo: Solum. (71 sider)

Christiansen, Svend. (1983): Ibsen og teatrets konventioner. København: Gyldendalske boghandel (utdrag ca. 177 sider).

Helleland, Frode & Lisbeth P. Wærp. (2011): Å lese drama. Innføring i teori og analyse. Oslo: Universitetforlaget. (208 sider)

Nordstoga, Sveinung og Kirsten Linnea Kruse (red.) (2014): Den moglege sjøvoverskrivinga. Norskfaget som danningsfag. Oslo: Abstrakt forlag. Kap. 1, 3 og 5 (utdrag ca.103 sider)

Northam, John. (1950): Ibsen's dramatic method. A study of the prose drama. Oslo: Universitetsforlaget. (Dei kapitla i boka som omhandler dei stykka studentane legg opp - ca. 120 sider)

Sjklovskij, Viktor B. (2003 [1916]): «Kunsten som grep» oversatt av Sigurd Fasting, i Atle Kittang m.fl (red.): Moderne litteraturteori. Oslo: Universitetsforlaget. (16 sider)

Vold, Leif Erik. (u.å.) Transtekstualitet hos Ibsen. (i manuskript frå seksjonen) (16 sider)

Vold, Leif Erik (2017): «Intet er så rummelig som norskfaget. Utforskende didaktikk og nøkkelbegreper i norskfaget» i Stig Bjørshol og Ronald Nolet (red.): Utforskning i alle fag. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. (36 sider)

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 26. okt. 2021 02:18:00